



Leif Georg Langeland
Dalhaugane 12
5153 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1755 - 16/15147

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
06.06.2016

Gbnr 137/84 Alver. Løyve til å dele frå eksisterande naust.

Eigedom: Gnr.137 bnr.84 Alver
Adresse for eiged.: Alverflaten 83, 5911 Alversund
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Leif Georg Langeland
Søker: Leif Georg Langeland

Saka gjeld:

Det vert søkt om å få dele frå ein parsell av gnr.137 bnr.84. På parsellen står eit naust. Parsellen har eit areal på 62m², og ligg i eit regulert område – Ikenberget. Naustet er eitt i ein gruppe på tre, men det er ikkje ført opp naust på dei to andre tomtene.

137/84 er ein fritidseigedom med eit samla areal på 4,1da.

Planstatus/dispensasjonar:

For området der naustet ligg, gjeld reguleringsplanen for Ikenberget. Naustet ligg ikkje i eit område som er sett av til føremål naust, men i eit område som er felles strandsone.

Naustet er bygget. Parsellen vart målt opp i 2005. No vil eigaren overdrage naustet til ein annan som eig bustadeigedom i det regulerte området.

Administrasjonen vurderer det slik at tiltaket ikkje fører til fysiske endringar på staden. Tilhøva for ålmenta vert ikkje endra, tilgjenge vert det same som til no. Det ligg to andre nausttomter på staden. Arealdisponeringa vil ikkje verte endra. Ut frå dette vert det konkludert med at dispensasjon for deling ikkje er naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Det er tilkomst til naustet via sti. Dette vert ikkje endra. Det kan ikkje påreknast løyve til å føre fram bilveg, eller til nemnade utviding av stien.

Vassforsyning og avløp er ikkje aktuelt.

VEDTAK:



Med heimel Plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 62m2 med påståande naust frå gnr.137 bnr.84 slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknad stempla motteke i kommunen 30.05.2016.

Arealet er nytta til naust, og bruken skal ikkje endrast.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§ 20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigan til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av tomt med naust på. Storleiken på tomta er 62m2. Naustet er bygget og i bruk. Området der naustet ligg er regulert, men føremålet med arealbruken i strandsona der naustet ligg er felles friområde. Naustet har stått på staden i alle høve i ti år. At det kjem ny eigar fører ikkje til endringar som er i strid med lov eller plan. Det er ikkje veg fram til naustet, og det kan heller ikkje påreknast at det vert gjeve løyve til å føre fram veg. Naustet ligg i ein klynge på tre tomter til naust, men det er ikkje ført opp naust på dei to andre tomtene.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke i desember 2015 og gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling av eigedom ikkje i samsvar med arealføremålet kr.8500,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker jf.§§ 28 flg. I Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Leif Georg Langeland

Dalhaugane 12

5153

BØNES